



Kommunen sitt revisjonsselskap Deloitte har fått i oppdrag å granska den avlyste anbuds konkurransen for nye omsorgsbustader. Det var 3 som kom med anbod - KV (tidlegare AFA), Trygge Bustadar og Byfa men kommunen kom til at ingen av dei 3 innfridde alle dei stilte krava. Kvinnherad Vekstbedrift som er 90 prosent eigd av kommunen har varsla søksmål mot eigaran sin og av politikarane har særleg Kjell Yri (V) vore kritisk, konstaterar Grenda.

Deloitte skal gjennomgå alle sider av saka, både det administrative og politiske, etter oppdrag frå kontrollutvalet. Konstituert leiar av dette, Hege Læg Reid Røssland, seier at det er viktig å ta lærdom av det for framtida hvis det er gjort ein feil. Rapporten skal vera klar frå Deloitte slik at han kan koma til kommunestyret i juni eller i beste fall i mai.

Komplikasjonane i denne saka har ført til at storprosjektet til KV midt i Uskedalen har stått i stampe lenge sjølv om tomta er klår. KV-styret står foran tomta på bildet over.

Dei 5 er Kjell Ottar Bauge, Hans J. Berge, Åsmund Kåre Rørvik, Knut Prestnes og Inger Elisabeth Naterstad.

Tekst: Grenda og Ola Matti Mathisen
Foto og NETT: Ola Matti Mathisen